

Saima Døssland spelte med Sunnhordland Kammerorkester.

02.04.2017



Saima Lomheim Døssland (til venstre i biletet) framfører Hunger Games med Sunnhordland Kammerorkester.

Saima Kristine Lomheim Døssland er elev i kulturskulen si strykargruppa Orkester 3. I dag fekk ho oppleva å spela saman med Sunnhordland Kammerorkester med deira dirigent Lars-Erik ter Jung. Kammerorkesteret har som føremål å stimulera strykarmiljøet i Sunnhordland. Den årlege konserten i 2017 i Kvinnherad var lagt til Rosendal.



Saima (t.v) saman med nokre av sine medelevar i Orkester 3 i Kvinnherad kulturskule.

Orkester 3 i Kvinnherad kulturskule vert leia av Olena Pasichnyk. På konserten i Rosendal samfunnshus framførte dei Bach in time (P. Martin) og Fargesprakende fyrverkeri (A. Gonobolin). Frode Kaldestad hadde tonefylge på piano.

Den store oppgåva var framføringa av Hunger Games saman med 26 musikarar i Sunnhordland Kammerorkester. Det må vera ei oppleving Saima seint gløymer. Kammerorkesteret stimulerer og rekrutterer nemleg unge strykarar til å spela kammermusikk på eit høgt nivå.

Gjesteartist og solist på konserten i dag var Linas Dakinevicius med fleire innslag på waldhorn. Linas er kjend for mange i Uskedalen, som lærar for aspirantane i Skulemusikken.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Gjest og solist i dag var Linas Dakinevicius, som også er lærar for aspirantane i Uskedal skulemusikklag.